Tredje gong vart Jacob gift 1780 med Anna Torsdtr. Dahle f. 1739, dotter til Tore Knudson Dahle f. 1680 og kona Marith Eriksdtr. f. Hegland 1685. Born i 3. e.: Sygni f. 1780, Jacob f. 1781.

c. **Anders Danielson Vik f. 1715** busette seg på Alvestad i Bokn, gift med Berta Larsdtr. f. ca. 1700. I 1758 har dei sonen Lars Andersson som då er 20 år.

På side 150 i Ætt og Heim 1955 står som rett er, at Lars Jonson Austbø hadde tri fullvaksne born: Erik, Ingeborg og Elisabet. Diverre kom ikkje døtrane med i framhaldet og får difor kona som tillegg.

29b (7) 5 **Ingeborg Larsdtr. Austbø f. 1731**, d. 1769. Gift 1757 med I. mann Peder Christenson Hummervoll f. 1731, son til Christen Sjurson Hummervoll f. 1697 og kona Anna Pedersdtr. Born i 1. gifte: Anna f. 1757.

Hodnefjell 1696. Born i 2. gifte: Peder f. 1761, Mari f. 1765 og Tidemann f. 1769, d. 1771.

c (7) 4 **Elisabet Larsdtr.** Austbø f. 1734, gift 1764 med Thore Thomasson Vaula. Kjenner ikkje meir til dei.

* *

b (29) 5 **Anna Pedersdtr.** Hummervoll f. 1757, gift 1783 med Nils Nilsson Døskeland. Dei er ikkje å finna seinare, men truleg er det deira dotter den Ingeborg Nilsdtr., 12 år i 1801, som er tenar på Hummervoll då.

c (29) 5 **Peder Henrikson Hummervoll f. 1761**, gift 1795 med Malena Addsdtr. Hummervoll f. 1767 og var dotter til klokkar og gardbrukar Add Jonson Hummervoll f. 1741 på Talgje og kona Guri Villumsdtr. f. Berge i Rennesøy 1735. Born: Ingeborg f. 1796, Add f. 1798, Henrik f. 1802, Ommund f. 1806, Guri f. 1803, Peder f. 1809.

d (29) 5 **Mari Henrikdtr.** Hummervoll f. 1765 er nemnd på skifte etter faren i 1782, men er ikkje å finna seinare.

e (29) 5 **Tidemann Henrikson Hummervoll f. 1769**, d. 1771.

* *

b (103) 6 **Ingeborg Pedersdtr.** Hummervoll f. 1796, gift 1822 med Lars Rasmusson Helland f. 1796 på Nordbø, son til Rasmus Larsson Nordbø f. 1766 og kona Kisti Olsdtr. f. Bjerga 1766.

Born: Kristina f. 1824, Peder f. 1827, Ingeborg Malena f. 1830, Rasmus f. 1833, Berta Guria f. 1838.

c (103) 6 **Add Pederson Hummervoll f. 1798**, gift 1832 med Anna Pedersdtr. Fjeldøen (Fjøløy) f. 1801, dotter til husmann og gjestgjevar Peder Nilsson Fjeldøen f. 1749 og 2. k. Ely Asbjørnsdtr. f. 1769 på Mehus. Born: Eliana f. 1833, Ester Malena f. 1835, Peder f. 1836, Anna Malena f. 1838, Pauline f. 1840.

d (103) 6 **Hendrik Pederson Hummervoll f. 1802**, gift 1831 med Marta Anensdtr. Haugvaldstad f. 1811, dotter til Anen Sjurson Haugvaldstad f. 1776 på Håvarstein og kona Marta Christine Torsdtr. f. Haugvaldstad 1777. Hendrik vart buande på Haugvaldstad. Born: Marta Christine f. 1832, Malena f. 1834, Anen f. 1835, Peder f. 1837, Henrik f. 1840, Morten f. 1842, Michel f. 1845 og Malena f. 1848.

e (103) 6 **Omund Pederson Hummervoll f. 1803** tenar på Helland i 1825, men er ikkje å finna seinare.

f (103) 6 **Guri Pedersdtr.** Hummervoll f. 1806 er heime 1825.

g (103) 6 **Peder Pederson Hummervoll f. 1809**, gift 1853 med Berta Kristine Danielsdtr. Austbø f. 1822, dotter til Daniel Jørgenson

På side 157 i Ætt og Heim 1955 står under nr. 81: «Kvar det vart av Ingeborg og Christen, har eg ikkje funne, men dei er flytte frå Hanasand i 1801.» Men frå Erik Bakkevig og Amund C. Amundsen i Haugesund har eg fått melding om at dei ca. 1796 flytte til Klubben under Odland i Tysvær. Dei var husmannsfolk der. Ingeborg døydd 1808 og let etter seg borna: Rasmus f. 1788, Marta f. 1791, bår i Rennesøy, Hans f. 1796 i Tysvær, Ambjør Malena f. 1799, Anna f. 1805 og Knut f. 1806.

Bakkevig nemner fleire gjæve menn i Haugesund-distriktet som ættar frå desse folka, men då eg vantar hjelpemiddel til å fylgja ætta vidare der, skal eg berre ta med sonen Hans Christenson som vart verande i Rennesøy. I 1801 er han 5 år gamal og er då nemnd fosterson hjå møster si på Reianes. I 1827 vart Hans Christenson gift med Gunhild Serina Hansdtr. Fosen frå Avaldsnes og busette seg på plassen Låder under Reianes. Han var skomakar og. Dei hadde desse borna:

Berta Maria f. 1827 g. m. Nils Mathiasson Haugvaldstad som ogso budde på Låder.

Malena f. 1829 g. m. Hans Hansson Reianes, Sterke- Hans kalla dei han og fortel mange vitnemål om styrken hans.

Ingeborg Serina f. 1831 g. m. Nils Knutson Finnasand.

Christiane f. 1833, d. 1834.

Karen Malena f. 1835.

Gunhild Serina f. 1837.

Christiane f. 1839 g. m. Anen Hendrikson Haugvaldstad.

Hans Christian f. 1842.

Ester f. 1847.



Gammelt hus på Hoyland, Nærbo

BISPEZETTA SOM SLO SEG PÅ STORTING OG STYRINGSVÆRK

Av Lars Ramndal

Det var sikkert ikkje på grunn av høg byrd, at mag. Thomas ortsson Wegner i 1627 av kong Christian Quart eller kanselliet hans vart kalla til superintendent (biskop) i Stavanger stift. Det neste me kjenner av ætt og byrd er namn på mor og far hans, et var Elline Thomasdr. og Cort Wegner. Korkje meir eller andre. Eg har skreiv til Rigsarkivet, København og eit par andre adar for å høyra om det var noko meir om ætta. Svara er heilt negative. Så får me ta det, slik det er. Eg er sikkert ikkje den neste som har spurt om det og fått slikt svar.

Thomas Wegner var fødd 23. april 1588 i Lund i Skåne, som en tid var dansk. Me veit at han var ein gáverik gut. Foreldra ar ikkje rike. Han gjekk på skule som gav fri undervisning og ikk kost i ein kongeleg «stiftelse». Det er lite truleg, at Cort Wegner, faren, var embetsmann. Mykje kan tyda på, at han var andverkar. Namnet er tysk og kan tyda vognmann eller vognlakar, kanskje helst det siste.

Det hende uvanlege ting den tida. Han vart ordinært til prest 1611 utan å ha fått korkje Testamonium publicum eller kallsrev. Det vart mykje ståhei om dette, men alle var samde om, t han var den flinkaste av dei som då kunne stå for tur til å erta prest. I den tida var det vanleg skikk og bruk, at lærde rukte eit latinisert namn. Det vart berre ein gong brukt om Wegner. Det var då han vart kreert til magister. Då er han bokørt som Thomas Cunradus Scanus (Skåningen).

Eg ser det ikkje som mi oppgåve i dette høvet å skriva om Wegner sitt arbeid som biskop i Stavanger, men vil berre ta fram nokre trekk. Han er kjend som ein from, lærd og arbeidsam mann, og ein mann med sterke kulturelle interesser også tanom teologien. Han fekk ordna med rimelegare grenser for ispedømet. Han samla inn og tolka 25 runeinnskrifter her frå om teologar i Christiania, og møtte ved kongehyllinga i Christiania 24. august 1648 som primus inter pares i den norske kyrkja. Stormøtet hadde to føremål: Sørgehøgtid etter Christian IV og mylling av sonen, Frederik III, som konge. Eg nemner serleg lette siste, avdi det kan gje ein bakgrunn for den utviklinga ætta etter han har gjort.

ÆTT OG VÆR 1968

Biskop Wegner var gift to gonger og hadde i alt 15 barn. Dei vart spreidd utover Sør- og Vestlandet. Tre av dei vart prestar og fire prestekoner. Ein skulle tru, at ein biskop med så mange barn knytt til kyrkjeatensta hadde kome til å skapt eit prestedynasti. Men slik vart det likevel ikkje. Me veit ikkje om meir enn ein i tredje generasjon som vart prest. Det kan henda det var fleire. Men dei fleste av avkjømet tok seg borgarleg yrke, og mange av kvinnene gifte seg inn i bondeættar og borgarheim. Dei fleste av desse er spreidd over heile landet og har kanskje ikkje aning om at dei ættar frå den fromme Stavangerbispen.

Her i fylket er det avkjøme etter to av bispebarna, sonen Thomas, som var sokneprest i Torvastad, og dottera Anna, som vart gift med sokneprest Bjørn Løv på Rennesøy. Trass i at starten her i Rogaland var heilt geistleg, så gjekk utviklinga i ættene ei heilt annan lei. Det er dette eg har tenkt å ta fram i denne artikkelen.

Sokneprest Thomas Wegner i Torvastad fekk ikkje noko avgjort heldig start i den bygda han kom til å setja sitt preg på. Som ung kapellan kom han opp i strid med soknepresten, Broe. Det er uråd å avgjera kven som hadde rett, men Wegner vart avsett og reiste til København, der han verkeleg fekk embetet att, og vart som før sagt, sokneprest etter Broe. Han vart avheiden i Torvastad, ja, mykje tyder på, at han vart mykje populær. Avkjømet glei etter kvart inn i dei fremste bondeættene og har skapt eit aristokrati i bygda.

I 1933 gav to av ætta, Christian Hauge og Trygve Kongshavn, ut ei bok om ei grein av Wegnerætta i Torvastad: «Jon Jonsen Haalands slekt.» Boka nemner 5 ættledar frå biskopen til den sjette, Astrid Wegner som vart gift med Jon Haaland. Sidan tar boka med alle som ættar frå desse to. Det er interessant å ta fram namnebruken i bygda. Wegner som etternamn er nok brukt nokre generasjonar, men som mellomnamn er det i bruk ålment ennå. I ætteboka er det nemnt 150 som har Wegner som mellom- eller etternamn. Av desse er det 27, som har namnet Thomas Wegner, bispen eller soknepresten sitt namn heilt ut. Det er truleg den siste som er oppkalla. 34 heiter Astrid Wegner, etter kona til Jon Haaland. Astrid har vore serleg populær, ser det ut til. Resten av dei 150 har bruka eit anna førenamn ved sida av Wegner.

Med eg er inne på dette må eg referera frå ein lengre artikkel herr Wilhelm Mannsverk skreiv i Haugaland Arbeiderblad 2. oktober 1951, nett før kommunevalet då. Han er for god til å gå i gløymeboka:

«— — — ordførar og varaordførar. Begge er døypt Wegner. Heradskasseraren og skrivaren i likningsnemnda er døypt Wegner. — — — Det er ein Wegner som er formann i jordstyret, ein

6. Niels Broe, 1776—1823, bonde valt stortingsrepr. 1814, 1815, 1822—23.
- C. Olaus Eskeland.*
- 1—3 som A. (Regelstad).
4. Signy Larsdtr. Bru, f. 1713, g.m. Daniel Lunde, 1716—74, bonde, Austre Amøy.
5. Daniel Eskeland, 1744—79, bonde i Høle, g.m. Gjertrud Hommersåk, 1746—95.
6. Daniel Eskeland, 1777—1851, bonde i Høle, g.m. Kristi Høve, f. 1781.
7. Ingeborg Kristina Danielsdtr. f. 1804, g.m. Ola H. Eskeland, 1804—76, bonde, ordf. i Høle.
8. Olaus Eskeland, 1833—1903, lærer i Høle og Hetland, lensmann i Skudenes, ordf. i Hetland, forliksmann i 40 år, stortingsrepr. 1871—91, stortingspresident 1889.
- D. Erik Austbø.*
- 1—3 som A. (Regelstad)
4. Berta Larsdtr. Bru, 1711—89, g.m. Morten Andersson Voll, Rennesøy, 1711—80, bonde.
5. Lars Voll, 1744—1815, bonde på Reianes, g.m. Anna Osmundsdr. Reianes 1745—1816.
6. Berta Deianes, 1772—1849, g.m. Christen Erikson Austbø, 1764—1824, bonde på Austbø.
7. Erik Austbø, 1801—39, bonde, g.m. Olene Bodelsdtr. Bø, 1801—69.
8. Kristen Austbø, 1829—66, bonde, g.m. Ingeborg Trulsdtr. 1831—1906.
9. Erik Austbø, 1852—1918, bonde, ordf. Rennesøy, lensmann, stortingsrepr. 1903—06 medl. dep. København etter kongevalet 1905.
- E. Jakob Austbø.*
- Bror til ovannemnde, 1856—1925, bonde, ordf. Rennesøy, form. i fylkeskulestyret o.m.a. Stortingsrepr. 1910—21, 1925.
- F. Thomas Wegner Chr. Haaland.*
1. Thomas Wegner, sjå A. (Regelstad).
2. Thomas Wegner, 1631—89, sokneprest i Torvastad, g.m. Anna Lauritsdtr. Galtung. D. 1671.
3. Thomas Wegner, 1655—97, klokker, g.m. Marita Knudsdr. Hinderaker.
4. Lars Wegner, Brekke, f. 1685, bonde, g.m. Christina Trulsdtr.
5. Thomas Wegner, Nordbø, 1730—98, bonde, g.m. Marta Christine Moksheim, 1750—1816.
6. Astrid Wegner, 1786—1829, g.m. Jon Jonson Haaland, 1777—1856, klokker.
7. Jon Christian Haaland, 1819—89, bonde, ordf. Torvastad, g.m. Guri Storesund, 1821—81.

8. Thomas Wegner Christiansen Haaland, banksjef, skipsreidar, ordf. i Haugesund, møtte fleire gonger i Stortinget frå Haugesund som varammann 1904—08. Bror hans, Jon Christian, var varammann for Stavanger amt, men møtte ikkje.
- G. Thomas Wegner L. Haaland.*
- 1—6 som F. (T. W. C. Haaland)
7. Lars Wegner Haaland, 1822—88, bonde, g.m. Anna Margreta Endresdtr. Stange, 1826—1914.
8. Thomas Wegner L. Haaland, 1862—1935, utdanna lærar, bonde, bankdir. ordf. Torvastad, stortingsrepr. 1913—15.
- H. Kristian Edland*
- 1—4 som D. (E. Austbø)
5. Berta Mortensdtr. Voll, 1749—1816, g.m. Anders Jakobson Galta, 1744—1808, bonde.
6. Berta Galta, 1777—1848, g.m. Christian Haugvallstad, 1785—1843, bonde.
7. Elisabeth Haugvallstad, 1813—95, g.m. Lars Døskeland, 1810—95, bonde.
8. Serina Døskeland, 1849—1915, g.m. David Edland, 1846—1929, bonde, ordf. i Rennesøy og Mosterøy.
9. Kristian Edland, 1874—1959, bonde, ordf. i Mosterøy, stortingsrepresentant 1934—1945.
- I. Lars Elisæus Vatnaland.*
- 1—5 som H. (Kr. Edland).
6. Anna Andersdtr. Galta, f. 1782, g.m. Peder Mortenson Nordhus, f. 1785, bonde.
7. Morten Nordhus, f. 1826, bonde, g.m. Metta Nordhus.
8. Olena Kristine Nordhus, 1859—1931, g.m. Lars Matias Vatnaland, 1851—1913, bonde i Bokn.
9. Lars Elisæus Vatnaland, f. 1892, bonde, fiskeriinspektør, ordf. i Bokn, stortingsrepr. 1945—61, lagtingspresident. o.m.a.
- J. Lars Ramndal.*
- 1—7 som H. (Edland).
8. Lars Larsson Døskeland, 1841—1923, g.m. Guri Hodnefjell, 1841—89.
9. Olina Døskeland, 1870—1959, g.m. Martin Jespersen Ravndal, 1866—1935, bonde på Dysjaland, Mosterøy.
10. Lars Ramndal, f. 1893, bonde, ordf. i Mosterøy, o.a. stortingsrepresentant 1945—65.
- K. Thomas Wegner Stange*
- 1—6 som F. (T. W. C. Haaland)
7. Kirsti Wegner Haaland, 1804—82, g.m. Jon Christian Stange, 1799—1884, bonde.
8. Thomas Wegner Haaland, 1845—1913, bonde, g.m. Gjertrud Bendiksdtr. Brekke, 1846—1922.
9. Jon Bendik Wegner Stange, 1873—1947, bonde, banksjef,

ordf. i Torvastad, g.m. Laura Kristiansdr. Ryan, 1871—1967.
10. Thomas Wegner Stange, f. 1905, bonde, ordf. i Torvastad og Karmøy, møtte ofte i Stortinget frå 1954 og utover som varamann.

L. Kåre Wegner Stange.

- 1—7 som F. (T. W. C. Haaland)
8. Ingeborg Kristina Haaland, 1854—1917, g.m. Konrad Stange, 1849—1923, bonde.
9. Knud Kristian Stange, f. 1883—1955, bonde, ordf. i Torvastad
10. Kåre Wegner Stange, f. 1915, bonde, møtt ofte i Stortinget som varamann frå 1958 og utover.

Dette var Stortinget. Og så får me gå over til

S T Y R I N G S V E R K E T :

Frå formannskapslovane vart sett i verk i 1837 er det vald ikkje så få ordførarar av Wegnerætta. Som eg alt har nemnt har eg ikkje kunna laga ei heilt sikker lista. Eg får ta med dei som eg veit, og tar då til nordanfrå:

Haugesund: Thomas Wegner Christiansen Haaland, Christian Wegner Haaland.

Torvastad: John Bendix Johnsen Stange, John Kristian Johnsen Haaland, Thomas Wegner Larssen Haaland, Bendix Stange, Knud Stange, Lars Haaland, Thomas Wegner Stange, Arnt Stange.
Karmøy: Thomas Wegner Stange (Også Torvastad).

Bokn: Ingebret Løbland, (Sidan frå Rennesøy) Brørne Eliæus og Jens Vatnaland.

Rennesøy: Daniel Nilssen Vaula, Lars Jakobsen Sørbo, Ingebret Vold (Løbland, Bokn.) Isak Isaksen Sokn, Jørgen Haaveritein, Erik Kristensen Austbø, Jakob Kristensen Austbø, Lars Olsen Sørbo, Johannes Håvarstein, Inge Austbø og Olav Bø.

Mosferøy: Børre Askø, Jakob Isakson Sokn (fung.) Truls Nilsen Bru, Kristian Edland, Lars Ramndal, Olav Edland og Erling Sokn.

Kvitøy: Håkon Holgersen.

Finnøy: Tormod Asgautson Regelstad, Erik Sørensen Faae, Asgaut Erikson Stennæs, Erik Erikson Stennæs, Asseus Asgautson Steinnes. (Ordf. også i Sand).

Hetland: Olaus Eskeland, Per Barkved.

Strand: Magnus Karlisen.

Fister: Thomas Wegner Thomsen og Hallvard Lie.

Sand: Asseus Steinnes. (Ordf. også i Finnøy).

Lista og Farsund: Sveinung Tveit.

Av desse må nemmast serlegt Asseus Steinnes, 1866—1943. Han var 3 år ordf. i Sand og 30 år i Finnøy. Då den nye fylkestingsordninga vart sett i verk i 1923 vart han vald til formann i fyl-

kestinget og gjorde tenest på 18 ordinære fylkesting til nasistane overtok i 1940.

I alt har minst 42 av ætta gjort tenest som ordførar i sin kommune. Men det er sikkert fleire. Attåt dette er det mange, som har vore medlemmer av kommunestyre og andre ombod. Mange har funne seg rom i administrasjon. I den meir sentrale statsadministrasjon kan ein m.a. nemna: Skipsfartsdirektør Laurits Klostjer, ekspedisjonssjef i landbruksdep. Egil Lothe, riksarkivar Asgaut Steinnes. Til sist i denne opprekinga må eg nemna Birger Osland, f. 1870, reiste 18 år gamal til USA, skapa seg godt namn og stor forretning der og vart til uvanleg god hjelp for vårt land under og etter den første storkrigen.

Etter det som her er lagt fram, trur eg det er rett å tala om «bisperætta som slo seg på storting og styringsverk». Det kan skapa mange refleksjonar. Bispen sjølv hadde nok meir borgarleg bakgrunn enn teologisk. Me har vel grunn til å kalla han eit teologisk «stjerneskot». Dernest var Anna Trane, bispefrua, temmeleg fri for geistleg bakgrunn. Avkjømet deira fekk den same lagnaden som mange etterkomarar av danske embetsmenn. Det var for dyrt å kosta skule på dei. Etterkvart gifte dei seg då inn i dei fremste bondeættene. Det var Wegnerætta sin lagnad. Me har fått mykje nytt blod inn i dei samgitta norske bondeættene på den måten. Nytt blod førde med seg nytt syn og skapa om miljøet. Det var eit steg framover innan bondemiljøet. Det var det gode. Etter pålag 100 års tilpassing stod Wegnerætta ferdig med to av Rogalands fremste menn i 1814, Regelstad og Broe. Sidan har det gått slag i slag.

Men innan ætta er det likevel eit merkeleg høve. I Torvastad er alle som er nemnd ovanfor av ættgreina Astrid Wegner og Jon Haaland, den 6 leden. Det er agnatisk linje fram til Astrid. Kva er det så skjedd med dei agnatiske og kognatiske ættarlinjer som fell utanfor Astrid? Dei hadde stort sett same arvetoet. Nå er det så, at ættgreina irå Astrid er utgranska, men ikkje dei andre.

Ennå sterkere og betre utgranska kjem dette fram i Rennesøy. Dei to prestedøtrene, Ingeborg og Anna, vart gift med kvar sin bror, Jon og Lars. Jon var leismann og bonde på Austbø, Lars vart bonde i Bru. Men alle som er nemnd her i artikkelen frå Rennesøy ættar frå Anna og Lars. Dei har avgjort det politiske overtaket. På Rennesøy har dei eit gammalt ordtak: «Yttersokn og pengane, Eldet og politikken, Innakleivs og maten». Om dette har noko med slikt veit eg ikkje. Det er Anna og Lars i Bru, som i størst mon har ala fram politisk interesse, men mellom barna deira sidan ser det ut til å vera nokså likeleg delt. Stortingssrepr. er etter 4 av barna deira.

Rettet på side 105
i utgave for 1969
av Ramndal

Evne og anlegg ved arv er ikkje tillagt nokon einskild menneske eller gruppe. Men ein kombinasjon gjennom samgifte kan ølvsagt gjera sitt. Derfor kan det politiske draget bispeætta har tt likså vel koma ved inngifte, ved kognatisk arv likså mykje m ved agnatisk. Det interessante i dette høvet, er at det ikkje nger er noko agnatisk linje frå biskop Wegner. Ein finn ikkje amnet nokon stad i landet brukt som etternamn. Eg har tedd lefonkatalogar i alle byar og mykje av landet elles utan å finna at brukt. Men ætta etter han lever.

Etter at ovanstående var gjort ferdig og sendt, kom det meg tankane, at det mogeleg var ennå ei grein av Wegnerætta, som ar utgranska, og at det kanskje var stoff som kunne brukast denne samanhengen. Det viste seg å vera rett. Det gjeld Ellen Wegner, tredje barnet hans, dotter til den første kona, Cessilie renner, som vart gift med bispen i 1612 i København og døydde Stavanger i 1628. Far hennar var rådmann Jakob Christoffer-an Brenner, København.

Ellen var tidje barnet deira. Ho var først gift med Solapresten lias Jacobi Agrickola, og då han døydde gifte ho seg med Lye-ersten Lauritz Berntsen Sysenvindius. Etter ho døydde i 1666, fte herr Lauritz seg i tur og orden med ennå ei bispedotter, og i ei futedotter. Men det kjem ikkje denne artikkelen ved. Ellen art ættarmor til Sundt-familien. Det er to stortingsrepresen-antar som ættar frå henne. Det er:

M. Morten Ludvig Sundt.

Thomas Wegner, biskop.

Ellen Wegner, 1624—66, g.m. Lauritz Berntzen Sysenvindius, sokneprest i Lye.

Kirsten Syssevindia 1656—1732, g.m. Peder Anderssen Sundet, 1672—1701, sjømann i Egersund.

Lars Pedersen Sundt, 1699—1761, skipsfører og reidar, g.m. Margrethe Lax, 1702—55. Budde i Egersund.

Morten Larssen Sundt, 1734—73, skipsfører, Egersund, g.m. Margrethe Magdalene Ravn, 1730—71.

Herkulus Weyer Sundt, 1771—1856, kjøpmann, Stavanger, g.m. Sybilla Sophie von Helth, 1770—1838.

Morten Ludvig Sundt, f. i Stavanger 1809, d. i Stavanger 1891. Studera først teologi, men slutta. Vart gardbrukar i Hole, sidan i Eidsberg. Stortingsrepresentant frå Buskerud amt 1851—66.

N. Arthur Sundt.

—5 som M — M. L. Sundt.

Hans Gabriel Buchholm Sundt, 1768—1839, kjøpmann i Stav-

anger, g.m. Marie Ellebeth Fredrikke Diuruus, 1782—1841. Wilhelm Ravn Sundt, 1818—66, forretningsmann, britisk vice-konsul i Stavanger, g.m. Laura Gabrielle Aas, 1819—71.

8. Søren Gabriel Schiøtz Sundt, 1857—1938, skipsfører i Stavan-ger og Bergen, g.m. Johanne Johannessen, 1838—1937.

9. Arthur Sundt, f. 1899 i Bergen, Høgsterettsadvokat, sorenskri-var, stortingsrepresentant 1945—49 og 1953—57.

Ætta etter Ellen Wegner Syssevindia vart avgjort knytt til sjø-fart og forretning. Men merkeleg nok var det ingen frå dette yrket som kom til å møta i Stortinget eller gjorde seg serleg merkende i politikken. Dei to som kom til å vera med der braut med sjøfarten. Den eine vart bonde, den andre jurist. Når ein ser, at i ættgreinene til sokneprest Thomas Wegner og preste kona Anna Wegner Løw er det så seia berre bønder, som har nådd så pålag fram i politikken. Etter dette skulle det ikkje vera grunn å seia, at bøndene vert tilsidesette.

Den politiske tendensen i Ellen si ættgrein er ikkje så sterk som i dei to andre. Åleine hadde det av den grunn ikkje vore noko å nemnt i denne samanhengen, men det aukar talet og inn-satsen frå bispeætta i norsk politikk til heile 14, som har møtt i Stortinget. I manuskriptet framanfor er talet retta til dette.

Oså ventar eg opplysningar andre stader i frå om namn som her ikkje er komen med.

L I T T E R A T U R

Av stytting: Rogalands Historielags årshafter — R. H. Fleire skrifttitlar er avstytta av praktiske grunnar.

R. H. 1918: Fridtjof Øvrebø: Torvastads sogneprester — — —.

R. H. 1920: Olaf Kolsrud: Stavanger gamle bispestol.

R. H. 1934: Joh. Kreutz Magnus: Ei ættgrein — — —.

ÆTT OG HEIM 1948: J. J. Jåthun: Litt om Galtung—Wegner—Rose-ættene.

ÆTT OG HEIM 1949: Erik S. Gundersen: De deputerte fra Stavanger — — —.

ÆTT OG HEIM 1955 og 1956: H. Vetrhus: Løw—Wegner-ætta i Rennesøy.

ÆTT OG HEIM 1964: Johan Veka: Asgaut Olsen Regelstad

ÆTT OG HEIM 1967: Lars Ramndal: Niels Truelsen Broe.

A. Faye: Christianssands stiftte Bispe- og Stiftshistorie, Chr., a. 1867.

J. V. Kvam: Den norske kirkes Biskoper etter Reformasjonen, Kr.a. 1909.

Norsk hist. Tidsskrift, 2 rekke III.

Personalhistorisk Tidsskrift III.

H. P. Rørdam: Københavns Universitets Historie 1537—1621, III.

D. Thrap: Christiansands Stifts Prester i det 17. Årh.
 Chr. a. 1899.

Reidar Bolling: Kyrkjeliv i Kristiansands stift i attande
 århundre. Oslo 1947.

Stavanger 1125—1425—1925. Oluf Kolsrud: Stavanger
 Bispestol. St. 1926.

Stavanger Domkapitels Protokoll 1571—1630 v. A. Brandrud,
 Chr. a. 1901.

Christian Hauge og Trygve Kongshavn: Jon Jonsen Haalands
 slekt, 1933.

Tallak Lindstøl: Stortinget og Statsraadet 1814—1914.
 Kr. a. 1914.

J. F. V. Haffner: Stortinget og Statsrådet 1915—1945.
 Oslo 1948.

Ola Aurenes: Rogaland fylke gjennom 100 år. St. 1937.
 Rennesøy Prestegjeld 1837—1937, St. 1938.

Torvastad 1837—1937, St. 1937.

S. H. Finne—Grønn: Den Vestlandske slekt Sundt. Chr. a. 1916.

Ola Aurenes: Rogalendingar og Ætter, Oslo 1948.

Martin Ravndal Hauge: Thomas Cortson Wegner,
 Ætt og Heim 1968.

Lars Ramndal: Frå gamal ætt til Larsatunet på Dysjaland.
 Morten Hansen: Norske slektsbøker, Oslo 1965.

Lars Ramndal

ARNE GARBORGS EVENTYROPPSKRIFTER —
 EI VURDERING AV SAMLAR, FORTELJAR OG UTGJEVAR.

Av *Reimund Kvideland*

Hausten 1867 sende Arne Garborg ei samling på 13 eventyr til P. Chr. Asbjørnsen som ikke vart særleg nøgd med dei. Han nytta berre delvis to av dei i sine egne utgaver. Først i 1921 prenta Knut Liestøl fire av dei i Syn og Segn og Reidar Th. Christensen skreiv merknader.¹ Resten har lege uprønta i Norsk folke-minnesamling saman med tre brev som Garborg skreiv til Asbjørnsen. Desse breva er i dag truleg dei eldste kjende Garborg-breva. Det siste er nyleg prenta i merknadene til ei samling Rogalandseventyr.²

Korleis kom Arne Garborg til å skriva opp eventyr? Det kan ved første augnekast synast underleg for han skriv sjølv i Knuda-heibrev³ at der var lite igjen av folkekeding på Jæren i hans barn-dom. Når folk sat saman om vinjerkveldane fortalde dei om bydehende, om byferder og langferder, om sildefiske — og det var hugnalege stunder, men folkekeding fekk han ikkje høyra der. Men det var ikkje berre det at folkekedinga var utdøyd. «Foreldri mine hadde ikkje forteltja meg ei Sogu eller eit Æventyr um dei hadde kunna aldri so godt. Jamvel Besteforeldri vaaga seg ikkje innpaa slikt. Ho Mormor var hjaa oss stundom; ho sat daa helst og spana, og rødde um mykje og mangt; ho kunde og stundom forteltja um gamle Dagar. Men ho fortalde lite som me Smaafolk kunde bry oss um, og aldri Æventyr». (S. S. 8, s. 226). Ein einaste stubb hugsar han etter henne. Heller ikkje av tenestefolka høyrde han eventyr. Jentene kunne forteltja bygdesoger og segner. Dei song «kultur mål-viser» men ikkje folkeviser. Kvar hadde han så kjennskapen sin til jærske folkekeding frå?

Han opplevde i det minste ein representant for det gamle Jæren og jærske folkekeding — Veslemøy. «Sæl var eg, at eg i dei siste Barndomsaari raaka Veslemøy [...] og ho fortalde so godt som ein berre fortel, naar ein sjølv av Hjarta trur paa det ein fortel um». (S. S. 8, s. 225).

Men den verkelege eventyrforteljaren møtte han i Martin Johan Skou. Han var 1 1/2 år eldre enn Garborg og son til vevskeibindar Mathias Halvorsen som høyrde til taterfamilien Skou. Dei var bufaste på Jæren i fleire år og Garborg møtte tidleg både Martin Johan og faren. Begge har stått modell til personar i Garborgs bøker — faren til Fante-Thomas i «Fred» og sonen til Carolus

ivrig fotograf. Jeg antager, at Du har faaet dem, og ønsker, at Du maa have vt lidt moro af dem.

Og saa faar jeg slutte for denne gang. Vorherre give Dig taalmod og kraft til bære din alders skrøbeligheder, fred og trost i hjertet ved troen paa vor iser og vist haab om himmeriges glæde. — Hils alle mine slegtninger der iter, og vær selv inderlig hilset fra din hengivne broder søn. J. Jespersen

Jesper Tjølsen Ravndal, 1780—1847, Gjesdals første ordfører, bonde. Rog. hist. Tskr. 1947 side 104, Gjesdalsboka s. 198.

Thore Berge, 1816—95, lærer, bonde, g. m. Gunhild, fæster til J.J. (Gjesd. bly. s. 20.) Skeisfjellet, aust f. Ramndal.

På Nese, Fosse og Rage budde det fastrar. Eriks gutter, må vera sønne til Erik Olson Ravndal. (Gjesdalsb. side 198.)

Broren, Peter Fogh Jespersen, 1836—1898, lektor i Stavanger

Einar Hansen Oftedal, må vera Gjesd. bok s. 188, 1785—1860, skreddar i Kristiansand, og sidan bonde på Oltedal.

Rektor Samuel Stub Knudsen, rektor ved Kongsgaard 1857—1863. Sidan Drammen Kongsgaard Skole 1824—1924, s. 240—255.

Enok Gausel, ukjent.

Gjesdal kyrkje, fadder 7. juli 1856 på Jesper Jespersen Ravndal (adressaten) si dtr, Kristine, som døydde omg. Namnet skreve Jesper Tjølsen Jespersen.

Jesper J. Ravndal, 1845—1904, bonde, ordfører 1880—85, lensmann 1885—99, bonde i Valer, Vestfold, der han døydde.

Martin Ravndal, 1866—1935, bonde på Dysjaland, Mosterøy.

Nikolai Lima, 1845—1922, lensmann Skudenesh. Hå og Høyland 1892—1916, Stortingspre. 1892—97, 1910—12, Odelstingspr.

Thore Wølstad, 1853—1913, bonde, bankjef, ordf. i Hetland 1892—93, 1904—12. Stortingsrepr. 1895—1903, 1905—06.

Sivert Sivertsen, 1876—1926, red.sekr. og redaktør, Vestlandsposten, red.sekr. Stavanger Aftenblad. Fetter til J.J. Dottera Anna, sidan g.m. likningssekr. Askaland budde ei tid hos J.J. i Oslo.

Lars Berge? Her tar J.J. feil, det må vera Jesper Berge, som til Thore, note 2. styrar for den første amtskulen i Rogaland, 1848—76. Lars døydde ikkje før i 1930. Gjesdalsb. side. 21.

Martinus Erichsen, brugsseigar i Oslo, far til Karen Jespersen.

Barna:

Edvar Jespersen, 1867—1955, læge på Nøtterøy.

Sara Domaas, f. 1875, lever, g.m. rektor Domaas, Grefsen h. sk.

Teodor Jespersen, 1877—1967, ingeniør.

Andreas Jespersen, 1869—1928, filolog.

Peter Jespersen, f. 1882, lever, ingeniør.

Carl Jespersen, 1886—1939, ingeniør.

Agnis Jespersen, f. 1887, lever, kontordame.

teratur:

Norsk biografisk leksikon,

Rogaland Historielag årsskrift 1947

Universitetets avisutklipparkiv.

Gards- og ættesoga for Gjesdal av Søren Arneson.

Kongsgaard Skole 1824—1924. Dreyer G. Austad 1925.

Lars Ramndal.

BISPEÆTTA SOM SLO SEG PÅ STORTING OG STYRINGSVERK

II. Av Lars Ramndal

I ÆTT OG HEIM, årshäfte 1968, har eg skrive ein artikkel med ovanstående tittel. Det er nemnt 14 som har møtt på Stortinget og 42 som har vore ordførarar. Eg var viss om, at det var fleire, og bad derfor om å få opplysningar om slike, som eg ikkje hadde funne fram til. Appellen lukkast. Lista frå i fjor kan aukast med 13 ordførar, derav er ein nyvald i år. Eg har dertil undersøkt ikkje så få ættebøker påny, både for om moglegt å finna nye og for å kontrollera oppgåvene.

Desse 13 er frå kommunane:

Karmøy: Kåre Stange (ny),

Nedstrand: Albert Lothe.

Bokn: Jakob Hogneland, Martin Jøsang, Helge Alvestad, Monrad Alvestad og Ingolv Kro.

Rennesøy: Jakob M. Hanasand.

Kvitøy: Oscar Nordbø.

Hetland:

Høle: Ola R. Bergsaker og Samuel Ims.

Gjesdal: Knud Kluge.

Tilsaman skulle då ordførarlista verta på 55 namn. Men det kan vera fleire endå. 11 av desse har møtt på Stortinget.

Til dei refleksjonane eg gjorde i førre artikkelen lyt eg gjø eit tillegg. Først seier eg meg lei for, at eg på side 37 i nedste avsnittet tre gonger har kalla prestedottera Mette Løw for "Anna".

På same sida nemner eg det "tomromet" det er mellom presten Thomas Wegner, Torvastad og Astrid Wegner Haaland, 150 år etterpå. Ei ættegrein eldre enn Astri Wegner finn me i ætta til Albert Lothe, ordførar i Nedstrand. Eg tar derfor med hans ætt.

Likeins kjem det inn ei grein etter Cecilie Wegner, som var gift med presten i Strand og Høle, Jonas Rasmussen. To av dei nynemnde ordførarane ættar frå henne. Kluge og Hanasand. Eg tar med ætta til den eldste av dei Kluge. Hanasand, Rennesøy ættar også frå prestedottera Ingeborg Løw. Alle dei andre ordførarane i Ryfylke og Bokn ættar frå Mette. Men då det er nokre som har parallelle ættelinjer, kan det vera noke fleire som ættar frå Ingeborg og Jon. Det er ætta til Mette og Lars, som likevel stikk seg mest fram.

et kunne sjølvsagt vore interessant å fått sett opp ættelinjene for alle dei ende ordforarane. Men det vil ta så stor plass og fortrengja anna stoff, så eg ikkje våga å by fram dette. Men det har si interesse å ta med dei to linjene som eg før har nemnd, den som fører lengst sør og lengst nord. i Gjesdal:

Thomas Cortson Wegner, biskop, g.m. Anna Trane.

Cecilie Thomasdtr. Wegner, 1632–92, g. 1650 m. Jonas Rasmussen, prest i Strand og Høle 1673–84.

Rasmus Jonasson Rose, f. 1650 bonde på Skadberg, g. m. Inger Andersdtr. Riskedal. sk. 1767.

Johanne Rasmusdtr. g. m. Orm Olson Fister.

Rasmus Ormson, 1742–1835, g. 1767 m. Malene Ådnesdtr. Oltedal, enkje Kluge, f. 1736. Budde Kluge.

Knud Rasmusson Kluge, 1777–1838, lærar og bonde, g. 1820 m. Ingeborg Reidarsdtr. Kyllingstad, 1792–1861.

Reidar Knudson Kluge, 1824–86, g. 1847 m. Elisabeth Maria Einarsdtr. Oltedal, budde på Kluge.

Knud Reiarson Kluge, 1852–1933, bonde, ordf. i Gjesdal.

iil Nedstrand.

Thomas Wegner, Biskop.

Thomas Wegner, 1631–89, sokneprest, g. m. Anna Lauritsdtr. Galtung, d. 1671a.

Thomas Wegner, 1655–97, klokkar, g. m. Martha Hinderaker.

Anna Wegner, g. 1711 m. Lars Asbjørson Alvsåker. Ho vart kalla "Sør-Anna" i Hardanger.

Thomas Larsson Alvsåker, f. 1712.

Nils Thomasson Alvsåker f. 1753

Lars Nilsson Alvsåker, f. 1786

Nils Larsson Alvsåker. f. 1819.

Olav Nilsson Lothe, f. 1851.

Alberth Lothe, f. 1890, jordbrukslærar på Tveit jordbruksskule, ordf. i Nedstrand.

ig er framleis interessert å få opplysningar om kvinner og menn av bispeætta i har slege seg på storting og styringsverk.

eratur som ikkje er nemnd i artikkelen 1968:

en Arneson: Gards- og Ættesoga for Gjesdal.

Aurenes: Slektsbok for fam. Øglænd, Svendsen og Lunde.

NOEN RETTELSE TIL SØREN ARNESONS: KYRKJEBOK FOR BJERKREIM

— ved P. Valand —

Side 9: Torger Olson Solberg dp. 4/2–1713. Karen Svalesdatter døde 1709, isteden skal moren være Berte Torgersd. Svella -se sk. 207 Bjerkreims-boka.

Side 10: Kristofer Odland gift med Gitlaug Mikkelsd. ft Hestad -ikke Bjerkreim.

Side 10: Ingeborg Gjermundsd. dp 5/8–1714. Far/Gjermund Hansson, ikke Olson.

Side 10: Lars Larsson Ivesdal dp 20/3–1715. Mor Ambjørng Mikkelsd. Bjordal.

Side 14: Stenvor Karlsd. dp 24/7–1718. Far: Karl Asbjørnson Versland.

Side 15: Isak Asbjørnson dp 27/8–1719. Mor: Marta Olsd. Hetland, dtr. til Ole Svenson Hetland og kone, Inger Mortensd. ft Gjødrem

Side 19: Valborg Gjermundsd, dp 21/11–1723, far Gjermund Hansson Bjerkreim og kone Guro Tolleivsd, ft. Laksesvella.

Side 22: Ole Gjermundson dp 19/1–1727, far Gjermund Hansson Bjerkreim, ikke Olson. Ole ble gift 14/4–1748 med Agot Asbjørnsd. ft. 1710, altså 17 år eldre enn mannen. Foreldre Asbjørn Einarson Kjøgetvedt, Hustoft, Røysland, L. Efteland og sist Bjerkreim, gift med Anna Torkelsd, ft Solbjør.

Side 24: Torger Olson Solberg var gift med Guri Mauritsd. Røysland, ikke Torgersd.

Side 25: Hans Gjermundson dp 20/11–1729, far: Gjermund Hansson, ikke Pederson.

(312) 269-1599

June 23, 1995

VIA AIR MAIL

Mr. Trygve Kloster Norman
Hoyfjellsasen 12
N-1315 Nesoya
NORWAY

Dear Mr. Norman:

You will be happy to know that I have run out of questions to ask you!


I am deeply grateful for all the help you have given me. As a fellow genealogist, you know that there is never enough time. When there is a way to take advantage of the work of others, it is an occasion for great thanksgiving.

I thank you again for dedicating so much time free of charge. This was beyond the call of duty to a very distant relative, indeed.

As a token of my appreciation, I have enclosed a book which will tell you something about what happened to Norwegians when we came to the United States. Books of this genre often are little more than a scrapbook, but this book also is an example of rigorous scholarship. It was published by the Norwegian-American Historical Association, of which I am a life member.

Needless to say, if you come to America, please look me up. Also, if there are any genealogical chores I can perform for you over here, please, do not hesitate to ask. I have easy access to the many resources available here in Chicago and am in contact with various genealogical libraries around the country.

Very truly yours,


Gary T. Johnson